

SUNNMØRE KONTROLLUTVAL-
SEKRETARIAT IKS

MØTEINNKALLING

Vår dato:
15.08.2005

K 2000 -> 04/01103 art. 033

Medlemmane
av representantskapet

Kopi: Deltakarkommunane



INNKALLING TIL MØTE - REPRESENTANTSKAPET

Det blir med dette kalla inn til konstituerande møte i representantskapet for Sunnmøre Kontrollutval- sekretariat IKS

tysdag 30. august 2005 kl. 1500 på
møterommet, 4 etg., Stokkebygget, Moa Syd

SAKLISTE:

- Sak 01/05 - Konstituering – val av møteleiar
- “ 02/05 - Val av leiar og nestleiar - representantskapet
- “ 03/05 - Val av styre
- “ 04/05 - Val av revisor
- “ 05/05 - Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje beskjed på telefon 70 17 21 63 eller e-postadresse kontrollutval@kontrollutval.no.

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Representantskapet

Dato: 15.08.2005
Saksh.:

SAK 02/05
VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR – REPRESENTANTSKAPET

Det vert vist til vedlagte selskapsavtale.

Etter selskapsavtalen § 11, består representantskapet av leiarane for kontrollutvala i deltakarkommunane. Nestleiar i kontrollutvala er personlege varamedlemmar.

Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar.

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Representantskapet

Dato: 15.08.2005
Saksh.:

SAK 03/05
VAL AV STYRE – SUNNMØRE KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Det vert vist til vedlagte selskapsavtale.

Etter selskapsavtalen § 6, skal representantskapet velje eit styre på 3 medlemmer og 3 varamedlemmer.

Den som er utelukka frå val til kontrollutval i selskapet sine eigarkommunar, kan heller ikkje veljast inn i selskapet sitt styre.

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Representantskapet

Dato: 15.08.2005
Saksh.:

**SAK 04/05
VAL AV REVISOR – SUNNMØRE KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Det vert vist til vedlagte selskapsavtale.

Etter selskapsavtalen § 18, skal representantskapet velje revisor for revisjon av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS sitt rekneskap.

SELSKAPSAVTALE

**SUNNMØRE KONTROLLUTVAL-
SEKRETARIAT IKS**

SELSKAPSAVTALE FOR SUNNMØRE KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

§ 1 Heimel og deltakarar

Kommunane Giske, Haram, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund har med heimel i lov om interkommunale selskap oppretta eit interkommunalt sekretariat for kontrollutvala med namnet:

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS

Selskapet har sitt hovudkontor i Ålesund kommune.

§ 2 Rettsleg status

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS er eit eige rettssubjekt.

§ 3 Formål

Formålet med selskapet er:

- Sikre sekretariatstenester til kontrollutvala i deltakarkommunane
- Kontrollutvalssekretariatet skal drivast i balanse, slik at inntekter frå kommunane dekkjer kostnadane (sjølvkost)
- Sikre at medlemskommunane vert drivne i samsvar med etablerte prinsipp for god styring og kontroll i offentleg sektor

§ 4 Eigardelar og deltakaransvar

Kommunane sin eigar- og ansvarsdel i kontrollutvalsekretariatet er fastlagt som følgjer:

Giske kommune:	1/13
Haram kommune:	1/13
Midsund kommune:	1/13
Norddal kommune:	1/13
Sandøy kommune:	1/13
Skodje kommune:	1/13
Stordal kommune:	1/13
Stranda kommune:	1/13
Sula kommune:	1/13
Sykkylven kommune:	1/13
Ørskog kommune:	1/13
Ålesund kommune:	2/13

Delingsforholdet blir justert ved opptak av nye kommunar eller uttreden av kommunar i kontrollutvalsekretariatet.

§ 5 Representantskapet

Det øvste organ for selskapet er representantskapet, som består av 13 medlemmar.

Deltakarane vel sine representantar som følgjande:

- Giske kommune vel 1 representant til representantskapet
- Haram kommune vel 1 representant til representantskapet
- Midsund kommune vel 1 representant til representantskapet
- Norddal kommune vel 1 representant til representantskapet
- Sandøy kommune vel 1 representant til representantskapet
- Skodje kommune vel 1 representant til representantskapet
- Stordal kommune vel 1 representant til representantskapet
- Stranda kommune vel 1 representant til representantskapet
- Sula kommune vel 1 representant til representantskapet
- Sykkylven kommune vel 1 representant til representantskapet
- Ørskog kommune vel 1 representant til representantskapet
- Ålesund kommune vel 2 representantar til representantskapet

§ 6 Styret

Styret blir valt av representantskapet. Styret har 3 medlemmer og 3 varamedlemmer. Representantar frå dei tilsette i selskapet har tilsvarende møterett i styret som etter kommunelova § 26, nr. 1.

Den som er utelukka frå val i kontrollutval i selskapet sine eigarkommunar, kan heller ikkje veljast inn i selskapet sitt styre.

§ 7 Innskottsplikt

Deltakarkommunane som nemnt i § 1 skyt ved etableringa av sekretariatet inn eit kapitalinnskott på totalt kr 250 000,-. Etter at etableringa har funne stad, skal det ved opptak av nye deltagarar fastsetjast av representantskapet om og eventuelt kva den nye kommunen skal betale i innskott.

Den enkelte deltagarkommune sitt innskott følgjer kommunen sin eigar- og ansvarsdel i samsvar med § 4.

§ 8 Ansvarsdeling

Dei enkelte deltagarane i selskapet hefter med heile si formue for sin aktuelle del av selskapet sine samla plikter.

§ 9 Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS si leiing

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS skal ha eit eige representantskap og eit styre, jfr. lov om interkommunale selskap §§ 6 og 10.

Kommunelova kap. 12 – Internt tilsyn og kontroll. Revisjon, gjeld for selskapet.

Det skal tilsetjast ein dagleg leiar for Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS, jfr. lov om interkommunale selskap § 14.

§ 10 Tilslutting til arbeidsgjevarsamanslutting

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS skal vere tilslutta ei arbeidsgjevarsamanslutting.

§ 11 Representantskapet si samansetjing mv.

Medlemmane m/varamedlemmar blir valt av dei enkelte deltakarkommunane i samsvar med lov om interkommunale selskap § 6.

Representantskapet består av leiarane for kontrollutvala i deltakarkommunane. Nestleiar i kontrollutvala er personlege varamedlemmar.

Når nytt representantskap er valt etter eit kommuneval, skal det snarast kallast inn for konstituerande møte. Møtet blir kalla inn av tenestegjerande leiar med minst 4 vekers varsel.

Representantskapet er vedtaksført når minst 2/3 av medlemmane er til stades.

Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar. Representantskapet vel styret sin leiar og nestleiar.

§ 12 Representantskapet sine oppgåver og mynde

1. Representantskapet leiar Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS ut i frå selskapsavtalen og lov om interkommunale selskap.
2. Representantskapet vedtek budsjett/økonomiplan og prinsipp for fordeling av kostnader med 2/3 fleirtal. Budsjett skal sendast dei deltakande kommunar innan 1. oktober året før vedkommande budsjettår. Dersom ein ikkje oppnår 2/3 fleirtal, blir saka avgjort med alminneleg fleirtal i nytt møte. Årsbudsjettet skal setjast opp i samsvar med dei rammer som er fastsett i kommunelova kap. 12 med tilhøyrande forskrifter, jfr. selskapsavtalen § 17.
3. Representantskapet kan ta opp lån, dersom dette er godkjent i alle deltakarkommunane.
4. Overskott/underskott skal regulerast mot eit disposisjonsfond og disponering kan gjerast ved inntektsføring på budsjett/rekneskap etter vedtak i representantskapet.

§ 13 Styret sine oppgåver

1. Forvaltning av selskapet hører under styret, som har ansvar for ein tilfredsstillande organisasjon av selskapet si verksemd. Styret skal sjå etter at verksemda blir driven i samsvar med selskapet sitt formål, selskapsavtalen, selskapet sitt årsbudsjett og andre vedtak og retningslinjer for god verksemdstyring fastsett av representantskapet.
2. Styret skal sørge for at bokføringa og formuesforvaltninga i selskapet er gjenstand for ein tilfredsstillande kontroll. Det skal utarbeidast årsmelding for styret sitt arbeid, inkludert økonomiske oversikter for verksemda. Årsmeldinga og rekneskapen skal sendast deltakarkommunane til orientering.
3. Styret skal føre tilsyn med dagleg leiar si leiing av selskapet.
4. Styret tilset og seier opp dagleg leiar og det øvrige personale.
5. Styret fastset lønns- og arbeidsvilkår for dei tilsette.

§ 14 Dagleg leiar

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS skal ha ein dagleg leiar som blir tilsett av styret. Dagleg leiar skal administrere og leie kontrollutvalsekretariatet i samsvar med selskapsavtalen, dei retningslinjer og pålegg som styret har gjeve, og elles etter dei lover og reglar som gjeld for verksemda.

Dagleg leiar skal gjennomføre kontrollutvalsekretariatet sitt formål og dei oppgåver som blir pålagt i selskapsavtale, vedtak og budsjett.

Dagleg leiar gjev innstilling i saker som skal behandlast, og er sekretær for styret og representantskapet.

§ 15 Inabilitet

Om inhabilitet for tilsette i selskapet og medlemmar i selskapet sine styrande organ gjeld forvaltningslova kapitel II og kommunelova § 40, nr. 3.

§ 16 Tilvising/prokura

Dagleg leiar eller stadfortredar tilviser Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS sine utgifter, med unntak av utgifter som vedkjem dagleg leiar personleg eller der det er tvil om dagleg leiar sin habilitet. Slike utgifter skal tilvisast av styret sin leiar eller nestleiaren i leiaren sitt fråvær.

Sekretariatet blir forpliktta ved underskrift av styret sin leiar eller dagleg leiar. Styret meddelar prokura.

Dagleg leiar representerer kontrollutvalsekretariatet ovanfor andre i saker som kjem inn under dagleg leiar sitt ansvar i samsvar med § 13.

Det blir elles vist til lov om interkommunale selskap § 16 vedk. selskapet sin representasjon.

§ 17 Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS sine inntekter

Kommunane betaler sin del av kostnadane etter ein delt modell:

- a) Årleg tilskott pr. kommune blir fastsett av representantskapet ut i frå eit aritmetisk gjennomsnitt av prosentdel av eigardel etter selskapsavtalen § 4 og prosentdel av folketal i forhold til dei andre eigarkommunane.

Den enkelte kommune betalar sin budsjetterte del av utgiftene nemnt i pkt. a til Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS med ein tredjedel med forfall den 1. mars, 1. juli og 1. november i budsjettåret. Avrekning og oppgjer skjer straks endeleg rekneskap ligg føre etter utgangen av det enkelte driftsår.

- b) Utgifter ved sekretariatsarbeid som er bestilt særskilt av ein kommune (kontrollutval) blir fakturert særskilt den aktuelle kommunen med 50 % ved oppstart av oppdraget og 50 % når oppdraget er avslutta.
- c) Dersom eit oppdrag blir utført for ein kommune og andre kommunar drar nytte av resultatet i sitt arbeid, kan utgiftene etter ei konkret vurdering fordelast skjønnsmessig. Styret godkjenner utgiftsfordelinga i slike saker.

§ 18 Val av revisor

Representantskapet vel revisor for revisjon av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS sitt rekneskap.

§ 19 Godtgjersle mv.

Godtgjersle til representantskapet, styret sine medlemmar og tillitsvalde frå dei tilsette, skjer i samsvar med fastsett reglement vedteke av representantskapet.

§ 20 Nye deltagarar

Opptak av nye kommunar som deltagarar må godkjennast av alle deltagarkommunane.

§ 21 Endringar – opphøyr mv.

Representantskapet kan med 2/3 fleirtal foreslå endringar eller tilføyinger i selskapsavtalen. Representantskapet sitt vedtak skal oversendast dei deltagande kommunar til endeleg avgjersle. I dei tilfelle der det ikkje blir gjort samsvarande vedtak i alle kommunestyra, gjeld det som fleirtalet har sluttat seg til.

Utmelding, utelukking og oppløysing av kontrollutvalsekretariatet skjer i samsvar med dei saksbehandlingsreglar som gjeld i lov om interkommunale selskap.

§ 22 Tvistar

Tvist om tolking av selskapsavtalen skal så langt råd løysast ved at partane søker ei felles forståing. Dersom ein ikkje blir einige, skal tvisten avgjerast med bindande verknad ved valdgift etter reglane i twistemålslova.

§ 23 Andre reglar

Elles gjeld dei til ei kvar tid gjeldande lov om interkommunale selskap og kommunelova kap. 12 med tilhøyrande forskrifter.

§ 24 Verknadstidspunkt

Denne selskapsavtale trer i kraft frå 01.01.2005.

14. februar 2005

Giske kommune
ordførar

Haram kommune
ordførar

Midsund kommune
ordførar

Norddal kommune
ordførar

Sandøy kommune
ordførar

Skodje kommune
ordførar

Stordal kommune
ordførar

Stranda kommune
ordførar

Sula kommune
ordførar

Sykylven kommune
ordførar

Ørskog kommune
ordførar

Ålesund kommune
ordførar

VEDTAK

I

DELTAKARKOMMUNANE

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT
IKS**



GISKE KOMMUNE

6050 VALDERØYA

- Ha ein bemanningsmessig kapasitet som kontrollutvalet har behov for.
- Ha ei brei fagleg kompetanse til å vurdere om sakene til kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde.
- Ikkje vere ein del av eller underlagt administrasjonen i kommunen.
- Ikkje utføre revisjonsoppgåver (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon).
- Ikkje ivaretakast av tilsette i revisjonen eller annan utførande revisor.

I utgreiinga til sak 04/2004 til Kommunerevisjondistrikt nr. 3 var det lagt til grunn ein årleg kostnad på ca. 1,5 mill kr. for eit sekretariat med 2 – 2,5 stillingar. I tillegg var det lagt opp til eit kapitalinnskott på kr. 500.000,-. For Giske kommune sin del ville dette bety årlege utgifter på kr. 120.000,- og kapitalinnskot på kr. 40.000,-.

Det kom klart til uttrykk i representantskapen at desse kostnadane var for høge, og at ein i første omgang bør vurdere å etablere eit sekretariat med ei stilling. Årleg kostnad er då redusert til kr. 750.000,- og kapitalinnskott til kr. 250.000,-. For Giske blir dette kr. 60.000,- og kr. 20.000,-.

Representantskapen gjorde følgjande samnøystes innstilling / vedtak i sak 04/2004:

Representantskapet tek til orientering føreliggande forslag til etablering av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS.

Forslaget til selskapsavtale og samarbeidsavtale om Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS, blir oversendt dei respektive kontrollutvala for innstilling til kommunestyra til endeleg behandling.

Kontrollutvalet i Giske har i møte den 13.10.2004 handsama saka og gjort følgjande vedtak i sak 26/2004:

Med utgangspunkt i at sekretariatet for kontrollutvalet skal vere utvalet sitt operative ledd og skal sørge for at det blir gjennomført tilsyn med kommunen sin administrasjon og revisjonen, er det tenleg å organisere sekretariatet som eit interkommunalt samarbeid etter same modell som revisjondistriktet.

Med bakgrunn i dei aukande oppgåver som skal leggjast til kontrollutvalet og sekretariatet frå 01.01.2005, er det avgjerande at sekretariatet har tilgang til ein brei kompetanse. Det blir difor lagt til grunn at dei styrande organ i det nye selskapet dimensjonerer sekretariatet i samsvar med føresetnadane for reforma.

Giske kommunestyre sluttar seg på denne bakgrunn til føreliggande forslag til selskapsavtale og samarbeidsavtale for etablering av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS med verknad frå 01.01.2005.

Kostnadsoverslaget synest ut i frå dei oppgåver som er lagt til sekretariatet og behov om bemanning m.v. å vere noko lågt. Dette må ein ta omsyn til i tilknyting til innarbeiding av Giske kommune sine kostnader til etablering og drift av selskapet i budsjettet 2005 for Giske kommune.



HARAM
KOMMUNE
RÅDMANNEN

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3
Postboks 7734

6022 ÅLESUND

Vår ref.	Dykkar ref	Saksnr.	Arkivkode	Dato
008630/04/EAM		04/01035	026	25.11.2004

Melding om vedtak frå møtet i Kommunestyret den 18.11.2004.

Saknr: **76/11**
Sakstittel: **MELDING OM POLITISK VEDTAK - ORGANISERING AV
SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALA**

Vedtak samrøystes:

1. Med utgangspunkt i at sekretariatet for kontrollutvalet skal vere utvalet sitt operative ledd og skal sørge for at det blir gjennomført tilsyn med kommunen sin administrasjon og revisjonen, er det tenleg å organisere sekretariatet som eit interkommunalt samarbeid etter same modell som revisjonsdistriktet.

Med bakgrunn i dei aukande oppgåver som skal leggjast til kontrollutvalet og sekretariatet frå 01.01.2005, er det avgjerande at sekretariatet har tilgang på brei kompetanse. Det blir derfor lagt til grunn at dei styrande organ i det nye selskapet dimensjonerer sekretariatet i samsvar med føresetnadane for reforma.

Haram kommunestyre sluttar seg på denne bakgrunn til føreliggjande forslag til selskapsavtale og samarbeidsavtale for etablering av Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS med verknad frå 01.01.2005.

Kostnadsoverslaget synest ut i frå dei oppgåver som er lagt til sekretariatet og behov om bemanning mv. å vere noko lågt. Dette må ein ta omsyn til i tilknyting til innarbeiding av Haram kommune sine kostnader til etablering og drift av selskapet i budsjettet 2005 for Haram kommune.

2. Leiar for kontrollutvalet med nestleiar som vara, blir oppnemnt som Haram kommune sin representant til representantskapet i Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS.

Skulle noko vere uklart, eller De ønskjer ytterlegare opplysningar, ta gjerne kontakt med underteikna hos seksjon for forvaltning.



MIDSUND KOMMUNE

Sentraladministrasjonen

MOTTATT

i 8 DES. 2004

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS
Postboks 7734 Spjelkavik
6022 ÅLESUND

MELDING OM VEDTAK

Dykkar ref:

Vår ref:
04/00538-4/033 /SEN-SEN-KTR

Dato:
15.12.04

Særutskrift: Organisering av sekretariat for kontrollutvala - ny ordning fra 01.01.05

Sender med dette melding om vedtak i ovannemnde sak:

Vedtak i Kommunestyret - 09.12.04:

Med utgangspunkt i at sekretariatet for kontrollutvalet skal vere utvalet sitt operative ledd og skal sørge for at det blir gjennomført tilsyn med kommunen sin administrasjon og revisjonen, er det tenleg å organisere sekretariatet som eit interkommunalt samarbeid etter same modell som revisjonsdistriket.

Med bakgrunn i dei aukande oppgåver som skal leggjast til kontrollutvalet og sekretariatet fra 01.01.2005, er det avgjerande at sekretariatet har tilgang til ein brei kompetanse. Det blir difor lagt til grunn at dei styrande organ i det nye selskapet dimensjonerer sekretariatet i samsvar med føresetnadene for reforma.

Midsund kommunestyre sluttar seg på denne bakgrunn til føreliggjande forslag til selskapsavtale og samarbeidsavtale for etablering av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS med verknad fra 01.01.2005.


Etablering av sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet skal så langt råd skje innafor eksisterande økonomiske rammer for revisjonstenester.

Partar (jfr. forvaltningslova § 2 1.ledd bokstav e) har klagerett på dette vedtaket. Ei eventuell klage skal vere skriftleg og sendast til Midsund kommune, 6475 Midsund, innan 3 veker etter at De er gjort kjent med vedtaket.

Partar som ønskjer innsyn i saksdokumenta kan ta kontakt med fellesekspedisjonen på Kommunehuset.

Med helsing

Ann Torill Våksvik
førstesekretær



NORDDAL KOMMUNE

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal
Postboks 7734, Spjelkavik
6022 ÅLESUND

Melding om vedtak **MOTTATT**

13 JAN. 2005

Dykkar ref: Vår ref: Sakhandssamar: Arkivkode: Dato:
04/00035-9 Nils Tormod Døving, 70 25 88 35 216 &00 06.01.05

Særutskrift: Organisering av sekretariat for kontrollutvála frå 01.01.05

Vedtak i Kommunestyret - 16.12.04:

Det blir vist til endringane i kommunelova § 77, nytt kap. 12, vedkomande internt tilsyn, kontroll og revisjon med tilhøyrande forskrifter gjeldande frå 01.07.2004.

Norddal kommune sluttar seg til kontrollutvalet si samråystes innstilling til selskapsavtale og samarbeidsavtale for etablering av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS med verknad frå 01.01.2005

Kostnadane i samband med etablering og drift blir å innarbeide i budsjettet for 2005.

Nils Tormod Døving
kommunekasserar

Bente Klakken Osvik
førsesekretær

SANDØY KOMMUNE

Beh. nr.	Utval	Møtedato	Arkivsaksnr.	Utvallssak
X	Kontrollutvalet	25.10.04	04/00320-3	023/04
1	Kommunestyret	08.12.04	04/00320-3	041/04

Saksbehandlar: Lasse Larsson Fjørtoft

Enkeltvedtak: NEI

Øk.konsekvensar for kommunen: JA

Ark: 033 &58

Organisering av sekretariat for kontrollutvalet

Vedlegg:

1. Utkast til selskapsavtale
2. Utkast til samarbeidsavtale
3. Utdrag sak 23/04 "Organisering av sekretariat for kontrollutvalet"

Framlegg til vedtak:

- 1) Med utgangspunkt i at sekretariatet for kontrollutval skal vere utvalet sitt operative ledd og skal sørge for at det blir gjennomført tilsyn med kommunen sin administrasjon og revisjon, er det teneleg å organisere sekretariatet som eit interkommunalt samarbeid etter same modell som revisjonsdistriktet.
Med bakgrunn i dei aukande oppgåvene som skal leggjast til kontrollutvalet og sekretariatet frå 01.01.2005, er det avgjerande at sekretariatet har tilgang til brei kompetanse. Det bli difor lagt til grunn at dei styrande organa i det nye selskapet dimensjonerer sekretariatet i samsvar med føresetnadene for reforma.
Sandøy kommunestyre sluttar seg på denne bakgrunnen til føreliggjande forslag til selskapsavtale og samarbeidsavtale for etablering av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS med verknad frå 01.01.2005
Kostnadsoverslaget synest, utifra dei oppgåver som er lagt til sekretariatet og behov om bemanning mv. å vere noko lågt. Dette må ein ta omsyn til i tilknyting til innarbeiding av Sandøy kommune sine kostnader til etablering og drift av selskapet i budsjett 2005 for Sandøy kommune
- 2) Leiar for kontrollutvalet med nestleiar som vara, blir oppnemnd som Sandøy kommunes representant til representantskapet i Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS.

Behandling i Kontrollutvalet - 25.10.2004:

Vedtak i Kontrollutvalet - 25.10.2004:

Kontrollutvalet tilrår samråystest: Som framlegget.

Behandling i Kommunestyret - 08.12.2004:

Vedtak i Kommunestyret - 08.12.2004:

Samrøystes vedtak: Som tilrådinga frå kontrollutvalet

SAKSUTGREIING.

BAKGRUNN FOR SAKA

Stortinget sitt vedtak om endring i kommunelova som vedkjem kommunal revisjon vart gjort gjeldande frå 01.07.04.

Eit vesentleg moment i lovendringa omfattar kontrollutval og sekretærfunksjon, og føreset at det skal etablerast eit eige sekretariat for kontrollutvalet i den einskilde kommunen.

Med bakgrunn stortingsvedtaket arrangerte Kommrev3 IKS eit møte primo mars 2004 mellom ordførarar, rådmenn og leiarar av kontrollutvala i revisjonsdistriktet for å presentere og drøfte dei nye reglane om tilsyn og kontroll i kommunane. Samtidig var det ønskjeleg å fange opp signal om korleis ein skulle organisere framtidig sekretariatsfunksjon i tråd med lovendringa. Det var brei semje om å utarbeide eit forslag retta inn mot ei interkommunal løysing, eit IKS.

Framlegg til selskaps- og samarbeidsavtale mellom kommunane som soknar til kommunerevisjonsdistrikt 3 er dermed grunnlaget for at saka vert lagt fram til politisk vurdering og handsaming.

På grunn av ulike omstende omkring innføring av lovendringa, mellom anna tidsaspektet, vart det, departementalt, gjort tre unnatak frå datoен for iverksetjing:

- a) Kontrollutvalet si plikt til å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon skal gjelde frå 1. januar 2005
- b) Kontrollutvalet si plikt til å utarbeide ein plan for selskapskontroll skal gjelde frå 1. januar 2005
- c) Bestemminga om kontrollutvalet sitt sekretariat i forskrift om kontrollutval skal tre i kraft 1. januar 2005.

SAKSOPPLYSNINGAR

Fram til no har Kommrev3 IKS ivareteke sekretariatsfunksjonen for kontrollutvala i revisjonsdistriktet samtidig som ein har hatt revisjonen av kommunane, slik ordninga inntil endringa var heimla i kommunelova § 60.

Sjølv om denne samkøyringa har fungert rimeleg godt, var det habilitetsproblematikken som utløyste lovendringa.

I utkast til forskrift om kontrollutval § 9-1 vart følgjande formulert:

*"Kommunestyre eller fylkesting skal sørge for sekretær bistand til kontrollutvalget.
Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til kommunens eller fylkeskommunens administrasjon.*

Dersom det ansettes egen sekretær for kontrollutvalet, vil administrasjonssjefen innenfor kontrollutvalgets myndighetsområde ikke ha instruksjons- eller omgjøringsmyndighet overfor denne. Det samme gjelder for kommunerådet eller fylkesrådet der kommune eller fylkeskommune har parlamentarisk styreform.

Den som utfører revisjonsoppgaver for den aktuelle kommunen eller fylkeskommune kan ikke utøve sekretariatsfunksjon for kontrollutvalget.

Sekretæren skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og at utvalgets vedtak protokolleres og iverksettes.”

Lovendringa er klar på at kontrollutvalet sin status og dermed arbeidsmengd vil auke vesentleg i høve tidlegare pålegg. Eit lite summert knippe kan gi eit bilet av omfanget:

- Sjå til at det årvisst vert utført forvaltningsrevisjon i kommunen
- Føre tilsyn og kontroll med forvaltninga
- Sjå til at kommunen har trygg revisjonsordning
- Setje i verk gransking og undersøking ved misnøye
- Sjå til at rekneskapen vert revidert på ein trygg måte
- Gi fråsegn om årsrekneskapen
- Sjå til at påpeika forhold i årsrekneskapen vert følgd opp
- Sjå til at det vert gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader
- Utarbeide rapport om korleis merknader i forvaltningsrevisjonsrapportar er følgde opp
- Utarbeide rapport om tidlegare saker som ikkje har blitt følgd opp på ein tilfredstillande måte
- Utarbeide ein plan for utføring av selskapskontroll minst ein gong i valperioden
- Gje innstilling om eventuell val av revisor
- Utarbeide budsjettforslag for kontroll- og tilsynsarbeid
- Gjennomføre eventuell innsyn i revisjonen sine arbeidsdokument

Det vil såleis ligge til sekretariatsfunksjonen å ivareta dei møtetekniske behova som kontrollutvalet har, eksempelvis saksutgreiingar, protokolføring, føre- og etterarbeid.

Det ligg og ein føresetnad om at sekretariatet skal vurdere at sakene til kontrollutvalet er ”forsvarleg utgreidde”.

I den grad oppgåver genererer saker til kontrollutvalet, skal sekretariatet foreta ei vurdering av det faglege arbeidet i dei ulike sakene, på sett og vis kvalitetssikre det utførte arbeidet

Punktvis kan ei fastslå at sekretariatet:

- Skal vere underlagt kontrollutvalet
- Skal ha ein bemanningsmessig kapasitet som kontrollutvalet har behov for
- Skal ha brei, fagleg kompetanse til å vurdere om sakene til kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde
- Ikkje kan vere ein del av eller underlagt administrasjonen i kommunen
- Ikkje kan utføre revisjonsoppgåver (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon)
- Ikkje kan ivaretakast av tilsette i revisjonen eller annan utførande revisorar

VURDERING

Forskrift om kontrollutval og revisjon opnar for konkurranseutsetjing for desse revisjonsteneste og dermed også sekretariatsfunksjon. Utvalet av tilbydarar på denne marknaden er ikkje mangfaldig.

At samlinga primo mars i år, som det er referert til ovanfor, uttrykte brei semje om å sikte seg inn på ei interkommunal samarbeidsløysing, handla i stor grad om å sikre ein vesentleg kompetanse i denne samanhengen: generelt, kunnskap om kommune og kommunal forvaltning, og spesielt, lokal oversikt og innsikt.

Utan at rådmannen har dokumenterte erfaringstal, så er det svært sannsynleg at ei meir ad hoc-prega bestillarordning vil koste meir enn ein permanent samarbeidsavtale.
Å gå inn i eit IKS saman med kommunar som i fleire år har vore tilslutta same revisjonsdistrikt vil også vidareføre grunnlaget for eit samarbeid og ei eigarordning som har fungert godt.

ØKONOMISKE KONSEKVENSAR

Som det kjem fram av vedlegget vil dei interkommunale sekretariatssamarbeidet koste Sandøy kommune årleg kr. 37.000.-. Dette kjem i tillegg til kjøpet av revisionsteneste som for 2005 er budsjettert med kr. 293.000.- Summa summarum vert ikkje desse tenestene dyrare enn det ein kunne rekne med om revisjonen sin sekretærfunksjon hadde blitt vidareført.

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at Sandøy kommunestyre tek kontrollutvalet si tilråding til følgje.

Lasse Larsson Fjørtoft
rådmann

Sandøy formannskapskontor, 09.12.04

Jorunn Finnøy
sekretær

Utskrift: Kommunerevisjonsdistrikt nr, 3, Kontrollutvalet v/ leiar



MOTTATT

05 JAN. 2005

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3
Postboks 7734, Spjelkavik

6022 ÅLESUND

Vår ref	Sakshandsamar	Dykkar ref	Arkiv	Dato
04/00988-003	Judith Vik, 70 24 40 12		033	04.01.2005

ORGANISERING AV SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVALA

Skodje kommunestyre handsama ovannemnde sak i møte 14.12.04 og gjorde slikt vedtak som går fram av vedlagde protokollutskrift.

Med helsing

Judith Vik
Judith Vik
politisk sekretær



Saksprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 14.12.2004
Sak: PS 0051/04

Arkivsak: 04/00988
Tittel: ORGANISERING AV SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVALA

HANDSAMING:

Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga frå kontrollutvalet.

VEDTAK:

Med utgangspunkt i at sekretariatet for kontrollutvalet skal vere utvalet sitt operative ledd og skal sørge for at det blir gjennomført tilsyn med kommunen sin administrasjon og revisjonen, er det tenleg å organisere sekretariatet som eit interkommunalt samarbeid etter same modell som revisjonsdistriktet.

Med bakgrunn i dei aukande oppgåver som skal leggjast til kontrollutvalet og sekretariatet frå 01.01.2005, er det avgjerande at sekretariatet har tilgang til ei brei kompetanse. Det blir difor lagt til grunn at dei styrande organ i det nye selskapet dimensjonerer sekretariatet i samsvar med føresetnadene for reforma.

Skodje kommunestyre sluttar seg på denne bakgrunn til føreliggjande forslag til selskapsavtale og samarbeidsavtale for etablering av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS med verknad frå 01.01.2005.

Kostnadsoverslaget synest ut i frå dei oppgåver som er lagt til sekretariatet og behov om bemanning mv. å vere noko lågt. Dette må ein ta omsyn til i tilknyting til innarbeiding av Skodje kommune sine kostnader til etablering og drift av selskapet i budsjett 2005 for Skodje kommune.

RETT UTSKRIFT

f. Juk

078/04: SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVALA FRÅ 01.01.2005

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Stordal kommunestyre sluttar seg til føreliggjande forslag, datert 03.05.2004, til selskapsavtale og samarbeidsavtale for etablering av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS med verknad frå 01.01.2005.
2. Leiar for kontrollutvalet med nestleiar som vara, vert oppnemnt som kommunen sin representant til representantskapet i Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS
3. Representanten har ikkje automatisk fullmakt til å binde kommunen økonomisk.
4. Kostnaden for 2005 på kr. 30.000 vert å innarbeide i budsjett 2005.

FORM-217/04 VEDTAK:

Rådmannen si innstilling samrøystes tilrådd.

KOMM-078/04 VEDTAK:

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

STORDAL



Stranda kommune

Rådmannen

Saksbehandler: Ole-Johan Lillestøl

Melding om vedtak

Kommunerevisjonsdistrik nr. 3 i Møre og Romsdal
Postboks 7734, Spjekavik
6022 ÅLESUND

MOTTATT
08 DES. 2004

Vår ref.: 04/1826-2

Dykkar ref.:

Arkiv: K1-033

Dato: 11.11.2004

ORGANISERING AV SEKRETERIAT FOR KONTROLLUTVALA FRÅ 01.01.2005

Det er no gjort følgjande vedtak i saka:

10.11.2004 KOMMUNESTYRET

KOM-108/04 Vedtak samrøystes:

Med utgangspunkt i at sekretariatet for kontrollutvalet skal vere utvalet sitt operative ledd og skal sørge for at det blir gjennomført tilsyn med kommunen sin administrasjon og revisjonen, er det tenleg å organisere sekretariatet som eit interkommunalt samarbeid etter same modell som revisjonsdistriktet.

Med bakgrunn i dei aukande oppgåver som skal leggjast til kontrollutvalet og sekretariatet frå 01.01.2005, er det avgjerande at sekretariatet har tilgang til ein brei kompetanse. Det blir difor lagt til grunn at dei styrande organ i det nye selskapet dimensjonerer sekretariatet i samsvar med føresetnadane for reforma.

Stranda kommunestyre sluttar seg på denne bakgrunn til føreliggjande forslag til selskapsavtale og samarbeidsavtale for etablering av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS med verknad frå 01.01.2005.

Kostnadsoverslaget synest ut i frå dei oppgåver som er lagt til sekretariatet og behov om bemanning mv. å vere noko lågt. Dette må ein ta omsyn til i tilknyting til innarbeiding av Stranda kommune sine kostnader til etablering og drift av selskapet i budsjett 2005 for Stranda kommune

Med helsing

Kari Drege
Kari Drege
sekretær

**MOTTATT**

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS
Postboks 7734 Spjelkavik

25 NOV. 2004

6022 ÅLESUND

Vår ref.	Arkivkode	Deres ref.	Dato
04/01103-004/EAD	033		12.11.2004

Melding om vedtak i Kommunestyret i møte 11.11.2004sak 0081/04.

ORGANISERING AV SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVALA FRÅ 01.01.2005**Vedtak:**

Med utgangspunkt i at sekretariatet for kontrollutvalet skal vere utvalet sitt operative ledd og skal sørge for at det blir gjennomført tilsyn med kommunen sin administrasjon og revisjonen, er det tenleg å organisere sekretariatet som eit interkommunalt samarbeid etter same modell som revisjonsdistriktet.

Med bakgrunn i dei aukande oppgåver som skal leggjast til kontrollutvalet og sekretariatet frå 01.01.2005, er det avgjerande at sekretariatet har tilgang til ein brei kompetanse. Det blir difor lagt til grunn at dei styrande organ i det nye selskapet dimensjonerer sekretariatet i samsvar med føresetnadene i reforma.

Sula kommunestyre sluttar seg på denne bakgrunn til føreliggjande forslag til selskapsavtale og samarbeidsavtale for etablering av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS med verknad frå 01.01.2005.


Kostnadsoverslaget synest ut i frå dei oppgåver som er lagt til sekretariatet og behov om bemanning mv. å vere noko lågt. Dette må ein ta omsyn til i tilknyting til innarbeiding av Sula kommune sine kostnader til etablering og drift av selskapet i budsjett 2005 for Sula kommune.

Tilsluttinga skjer under føresetnad av at dei andre kommunane i samarbeidet sluttar seg til føreliggjande samarbeidsavtale og selskapsavtale.


Adr. Postboks 280 6039 Langevåg	Telefon: Sentralbord 70 19 91 00	Telefaks: 70 19 91 01	E-post: Postmottak@ su- la.kommune.no	Bankgiro: 6545 05 10011 Skattekonto: 0827 58 15315	Foretaksnr. 9649 80543
---------------------------------------	-------------------------------------	--------------------------	---	---	---------------------------

Skulle det vere spørsmål eller uklare punkt knytt til vedtaket, er det berre å kontakte rådmannen.

Med helsing



Edvard Devold
rådmann



Sykkylven kommune

Rådmannen

MOTTATT

Kommunerevisjonsdistrikt nr 3
Pb. 7794 Spjelkavik
6022 Ålesund

24 FEB. 2005

Dykkar dato: Vår dato: 21.02.2005 Saksbeh.: Erling Solsletten
Dykkar ref.: Vår ref.: 2005/122-973/2005 Telefon: 70 24 65 56

Vedk. sekretariat for kontrollutval

Ein syner til Dykkar skriv av 31.8.04 til kontrollutvalet i Sykkylven kommune og sak 25/04 i kontrollutvalet.

Denne saka vart lagt fram for kommunestyret i møte 25.10.04 som sak 72/04. Saka vart då utsett i påvente av avklaring på alternative løysingar og var forventa teken opp att i neste kommunestyre (30.11.04).

Saka kom likevel ikkje opp att for i kommunestyremøte 14.2.05 som sak 4/05. Det vart då fatta slike vedtak:

"

1. Sykkylven kommune vedtek å vere med i etablering av Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS og godkjenner for sin del tilhøyrande selskapsavtale og samarbeidsavtale.
2. Ordførar møter på kommunen sine vegne ved stifting av Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS.
3. Kommunestyret vedtek slike løyingar frå konto 1.1007 knytt til saka:
 - kostnader knytt revisjon vert auka med kr 60.000.
 - kostnaden knytt til sekretariat for kontrollutvalet vert auka med kr 10.000
 - kr 20.000 vert løvd til eigarinnskot
4. Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS må innrette drifta etter dei løyingar kommunane til ei kvar tid stiller til disposisjon."


Sykkylven kommune er med dette budd på å gå inn i det påtenkte selskapet og avventar oppfølging om stiftingsmøte.

Med helsing

Erling Solsletten

rådmann

K. sak 4/05 følgjer vedlagt i kopi



Dato: 20.01.2005
Arkivref: 2005/122-196/2005

Saksbeh.: ES/ed

Saksnr	Utval	Møtedato
4/05	Kommunestyret	14.02.2005

Organisering av sekretariat for kontrollutval frå 1.1.05

Som vedlegg følgjer:

- Brev av 4.1.05 frå leiari i kontrollutvalet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Sykkylven kommune vedtek å vere med i etablering av Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS og godkjenner for sin del tilhøyrande selskapsavtale og samarbeidsavtale.
2. Ordførar møter på kommunen sine vegne ved stifting av Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS.
3. Kommunestyret vedtek slike løyvingar frå konto 1.1007 knytt til saka:
 - kostnader knytt revisjon vert auka med kr 60.000.
 - kostnaden knytt til sekretariat for kontrollutvalet vert auka med kr 10.000
 - kr 20.000 vert løyvd til eigarinnskot

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det må frå 1.1.05 etablerast eit nytt sekretariat for kontrollutvalet. Saka vart utsett i kommunestyret 25.10.04. Saka må handsamast på nytt.

Saksopplysning

Saka var framme i kommunestyret i møte 25.10.04 som saka 72/04 der det vart fatta slikt vedtak:

"Saka vert utsett i påvente av meir avklaring og utgreiing av alternative løysingar og vert å ta oppatt på neste kommunestyremøte."

I etterkant av dette har det ikkje skjedd så mykje før det ligg føre brev av 4.1.05 frå leiaren i kontrollutvalet. Dette brevet klargjer at dei øvrige kommunane i revisjonsdistriktet no har sluttat seg til at det vert oppretta eit eige interkommunalt selskap som vil stå for sekretariatet for kontrollutvala.

Andre reelle alternativ er ikkje framlagt.

I samband med budsjett for 2005 er revisjonskostnadene ført opp med kr 380.000. Samtidig er ført opp kr 50.000 til sekretariat for kontrollutvalet ut frå eit resonnement om at kostnadene knytt til revisjon måtte gå ned når sekretariatet for kontrollutvalet fell vekk for revisjonen.

Ved brev av 19.11.04 framgår at representantskapet for revisjondistriktet har fastsett Sykkylven kommunes kostnad for revisjonen til kr 439.375.

Av revisjonen sitt budsjett framgår at sekretariatkostnadene for 2004 utgjorde kr 20.000. Dei nye kostnadene for sekretariatet utgjer no 750.000 kr, så her har ein tydeleg fått ei langt dyrare ordning.

Sykkylven kommune sine kostnader med den foreslalte sekretariatsordninga vil utgjere ei årleg driftsutgift på kr 60.000,-. Kr 19.230,- som eigarinnskot er ei eingongsutgift.

Vurdering

Av føresegnehene om sekretariat for kontrollutvala er føresett at kommunestyret skal handsame saka basert på innstilling frå kontrollutvalet. Innstillinga frå kontrollutvalet frå møtet 21.9.04 låg føre då saka var oppe i kommunestyret 25.10.04 og den bygg på at kommunestyret sluttar seg til at det vert etablert eit eige interkommunalt selskap. Kostnadene må innarbeidast i budsjett for 2005.


Etter det leiar for kontrollutvalet opplyser har no alle kommunar utan om Sykkylven gått inn for å etablere eige selskap for å ivareta sekretariatfunksjonen for kontrollutvala. Det vil da ikkje vere så enkelt for Sykkylven å finne fram til ei eiga løysing. Det må i tilfelle vere å tilsette eigen sekretær. Ei slik løysing er truleg ikkje så enkel med det kravet til kompetanse som er nedfelt i føresegnehene.

Kommunen har då truleg ikkje så mange alternativ å velje i.

Ein ser elles at dette ikkje vert noko billeg løysing i høve til det ein hadde tidlegare.

For 2003 betalte kommunen til revisjonen inkl sekretariat kr 471.500. For 2004 er kostnaden kr 467.793,- For 2005 vil kostnadene kome på 499.375. I tillegg kjem eigarinnskot.

Rådmannen tilrår etter dette at kommunen går inn i det nye interkommunale selskapet. Kommunen bør då samtidig løyve nødvendige midlar i høve til det som synest verte faktiske kostnader.



Erling Solsletten
Rådmann

Saksprotokoll frå møtet i Kommunestyret - 14.02.2005

PS 4/05 Organisering av sekretariat for kontrollutval frå 1.1.05.

Behandlingsinformasjon:

Sp v/ Petter Velle foreslo slikt pkt. 4:

Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS må innrette drifta etter dei løvvingar kommunane til ei kvar tid stiller til disposisjon.


Framleggget frå rådmannen pkt. 1 – 3 vart vedteke med 25 mot 3 røyster.

Forslaget frå SP til pkt. 4 vart vedteke med 27 mot 1 røyst.

Vedtak:

1. Sykkylven kommune vedtek å vere med i etablering av Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS og godkjenner for sin del tilhøyrande selskapsavtale og samarbeidsavtale.
2. Ordførar møter på kommunen sine vegne ved stifting av Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS.
3. Kommunestyret vedtek slike løvvingar frå konto 1.1007 knytt til saka:
 - kostnader knytt revisjon vert auka med kr 60.000.
 - kostnaden knytt til sekretariat for kontrollutvalet vert auka med kr 10.000
 - kr 20.000 vert løvd til eigarinnskot
4. Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS må innrette drifta etter dei løvvingar kommunane til ei kvar tid stiller til disposisjon.

Rett utskrift:



Torill Olin Skjeret
formannskapssekretær



Ørskog kommune
Søriskontoret

03 JAN 2005

Melding om vedtak

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal
Postboks 7734 Spjelkavik
6022 ÅLESUND

Dykkar ref: Vår ref: Saksbeh: Arkivkode: Dato:
04/01324-3 Halldis Yksnøy, 70 27 29 02 031 026 - 026 27.12.2004

SVAR VEDK. ORGANISERING AV SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVALA FRÅ 01.01.05.

Vi viser til brev dat. 04.11.04.

VEDTAK I Ørskog kommunestyre - 16.12.04 – K-sak 78/04:

I.

Ørskog kommunestyre sluttar seg til føreliggjande forslag, datert 03.05.04, til selskapsavtale og samarbeidsavtale for etablering av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS med verknad frå 01.01.05.

II.

Leiar for kontrollutvalet med nestleiar som vara, blir oppnemnt som Ørskog kommune sin representant til representantskapet i Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS.

Utskrift av saka ligg ved til orientering.

Med helsing
Ørskog kommune

Halldis Yksnøy
Halldis Yksnøy
Sekretær

Vedlegg:
1 Utskrift av K-sak 78/04

Kopi til: Stig Holmstrøm

Postadresse:
Postboks 175

Telefon:
Telefaks:

Bankgiro: 4060.07.00245
Postgiro: 0806.39.19420



UTSKRIFT AV

ORGANISERING AV SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVALA FRÅ 01.01.05.

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
078/04	Ørskog kommunestyre	16.12.04

Samandrag

Kommunestyret vert bede om å godkjenne selskapsavtale og samarbeidsavtale for kontrollutvalsekretariat.

Saksdokument

- I Organisering av sekretariat for kontrollutvala frå Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal 01.01.05.
- S Organisering av sekretariat for kontrollutvala frå 01.01.05.

Vedlegg:

- 1 Oversendingsbrev frå Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 04.11.2004
- 2 Særutskrift av møteboka for Ørskog kontrollutval 03.11.04
- 3 Sak 31/04 for Ørskog kontrollutval
- 4 Særutskrift av protokoll for representantskapet i Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 03.05.04
- 5 Selskapsavtale for Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS
- 6 Samarbeidsavtale om Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Saksopplysningar

Etter endringar i kommunelova m.o.t. intern kontroll og revisjon med tilhøyrande forskrifter, skal det etablerast eige sekretariat for kontrollutval . Etter vedtak i representantskapet for Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3, som Ørskog kommune er med i, har det vore utgreidd sak om etablering av sekretariat som eit eige interkommunalt selskap i eit samarbeid mellom kommunane i revisjonsdistriket. Saka har no vore handsama i Ørskog kontrollutval, som er positiv til deltaking i eit interkommunalt samarbeid om sekretariatet.

For orden si skuld gjer eg merksam på at ikkje alle vedlegga i saka til kontrollutvalet er med som trykte vedlegg til kommunestyret, men følgjer saka som utrykte vedlegg.

Vurdering

Rådmannen viser til saksutgreiinga med vedlegg, og finn at saka gjennom dette er grundig og godt utgreidd. Rådmannen finn ikkje grunn til å fremje annan innstilling enn den kontrollutvalet har gjort.

Rådmannen legg saka fram med slik

Innstilling:

I.

Ørskog kommunestyre sluttar seg til føreliggjande forslag, datert 03.05.04, til selskapsavtale og samarbeidsavtale for etablering av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS med verknad frå 01.01.05.

II.

Leiar for kontrollutvalet med nestleiar som vara, blir oppnemnt som Ørskog kommune sin representant til representantskapet i Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS.

Organisering av sekretariat for kontrollutvala frå 01.01.05.

BEHANDLING I Ørskog kommunestyre - 16.12.04:

Innstillinga vart samråystes vedteken.

VEDTAK I Ørskog kommunestyre - 16.12.04:

I.

Ørskog kommunestyre sluttar seg til føreliggjande forslag, datert 03.05.04, til selskapsavtale og samarbeidsavtale for etablering av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS med verknad frå 01.01.05.

II.

Leiar for kontrollutvalet med nestleiar som vara, blir oppnemnt som Ørskog kommune sin representant til representantskapet i Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS.

Rådmannen i Ørskog

Stig Holmstrøm
Rådmann

Utskrift til:

MOTTATT ARKIV

18 DES. 2004



ÅLESUND KOMMUNE



SAKSPAPIR

ORGANISERING AV SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVALGENE FRA 01.01.05

Dokumentinformasjon:

Saksbehandler:	ArkivsakID:	2004000501	Avgjøres av:	B
Ragna Dahl Grønnevæt	JournalID:	2004038558		
Tlf: 70 16 20 21	Arkiv:	K1-216		
E-post: postmottak@alesund.kommune.no				

Politisk behandling:

Organ:	Møtedato:	Sak nr.
Ålesund formannskap	23.11.2004	239/04
Ålesund bystyre	02.12.2004	144/04

Vedlegg:

1. Brev datert 04.11.05 fra Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 i Møre og Romsdal
2. Særutskrift av møteboka for kontrollutvalget sak 26/04
3. Sak 26/04 Organisering av sekretariat for kontrollutvalget
4. Særutskrift for møteboka for representantskapet for Kommunerevisjonsdistrikt nr 3, sak 04/04
5. Sak 04.04 Forskrift om kontrollutvalg – Organisering av sekretariatsfunksjonen for kontrollutvalga
6. Selskapsavtale for Sunnmøre Kontrollutvalgssekretariat IKS
7. Samarbeidsavtale om Sunnmøre Kontrollutvalgssekretariat IKS
8. Notat om sekretariatsfunksjonen – kontrollutvalget

Bakgrunn og saksopplysninger:

Kort beskrevet så er det nå kommet en lovendring som krever et skille mellom revisjonen og sekretariatsarbeidet for kontrollutvalgene. Det er videre bestemt at sekretariatet ikke kan være organisert i kommunen under rådmannen eller direkte under ordfører.

Dette er arbeid som ikke fyller hele stillinger, men dersom en samler sekretærarbeidet for de kommunene som i dag er brukere av Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 i Møre og Romsdal, så vil det kreve 1 årsverk.

Det er kommet forslag om å organisere dette sekretariatet inn i et eget interkommunalt selskap, Sunnmøre Kontrollutvalgsekretariat IKS, og vedlegg 6 og 7 viser forslag til selskapsavtale og samarbeidsavtale. Kostnadene skal fordeles på samarbeidskommunene.

I første omgang tas det sikte på å legge sekretariatet sammen med revisjonens lokaler i Spjelkavik.

Vurdering:

Skille mellom sekretariatsfunksjonene og revisjonene er naturlig ettersom det vil nå bli mulig å konkurransesette den vanlige revisjonen. Ålesund kommune har gjort flere vedtak i høringsaker der kommunen ser positivt på at revisjonstjenester kan leveres av andre enn den tradisjonelle kommunerevisjonen.

Når det gjelder organisering og plassering, så er et interkommunalt selskap en relativt tung ordning, men siden arbeidsoppgavene er små for den enkelte kommune så er det viktig at kommunene får til en praktisk ordning.

Molde og de andre Romsdalskommunene har laget en ordning hvor Molde kommune ansetter en person, holder kontor og andre kostnader og stiller vedkommende til disposisjon for oppgaven under en avtale om interkommunalt **samarbeid** (ikke interkommunalt **selskap**), og får på den måten en praktisk ordning for betaling av tjenesten og et ubyråkratisk ansettelsesforhold.

Ulempen her er at saken kommer så seint til politisk behandling at det er vanskelig å gjøre endringer for å ha ordningene på plass før nyttår slik loven krever.

Siden det er sannsynlig at revisjonen skal konkurransesettes om kort tid, ville det vært en praktisk sak å legge oppgaven inn under Ålesundsregionens Utviklingskontor (ÅRU). Selv om det nå etableres et IKS, bør den løsningene vurderes om ikke annet så reikt geografisk for å få avstand fra revisjonen. Den som ansettes vil være ansatt i det interkommunale selskapet, men kan ha kontorfelleskap med ÅRU. Det er stort sett de samme kommunene som er i revisjonsdistriktet som er medlem av ÅRU.

Kostnadene til sekretariatet dekkes av revisjonsbudsjettet i kommunen.

Rådmannens innstilling:

1. Ålesund bystyre vedtar å gå inn for opprettelsen av Sunnmøre Kontrollutvalgsekretariat IKS slik det fremgår av saken med vedlegg.
2. Ålesund bystyre ber om at sekretariatets mulige lokalisering og tilknytning til Ålesundsregionens Utviklingskontor blir vurdert med det første.

Formannskapets tilråding

23.11.2004

Som rådmannens innstilling.

Votering:

Rådmannens innstilling enstemmig tilrådd.

Bystyrets vedtak

02.12.2004

Som formannskapets tilråding.

Kristin Gjørtz (SV) tiltreter

= 61 voterende

Forslag:

Anne Dyb Liaaen (H) fremmet følgende alternative forslag:

Ålesund bystyre vedtar at organiseringen for sekretariatet for kontrollutvalget blir lagt opp etter en interkommunal samarbeidsmodell som knyttes til Ålesundsregionens Utviklingskontor.

Votering:

Alternativ votering:

Dyb Liaaens forslag	9 stemmer
Formannskapets tilråding	52 stemmer og er vedtatt

RETT UTSKRIFT

Dato: 06.12.2004

Sign.: H Hansen